

**Fra:** Marte Raknerud Hoel <marrh@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** onsdag 5. juli 2023 14:14  
**Til:** Post Osterøy  
**Emne:** Oppdrag om å kartlegge kapasitet til å innkvartere eit sterkt aukande tal flyktningar  
**Vedlegg:** Skildring\_av\_oppdraget\_fra\_JD\_via\_DSB.pdf; Oppdragsbrev\_fra\_DSB\_-\_Oppdrag\_SF\_beredskapsplaner\_for\_ekstraordinaert\_mange\_flyktningankomster\_presisering.pdf; Verstefallscenario\_kartlegging\_midlertidig\_innkvartering\_og\_bosetting\_felles\_mal.xlsx; DSB\_-\_Beredskapsscenario\_oppdatert\_plantall\_bosetting.pdf

### **Til rådmenn/kommunedirektører og beredskapskontaktar i kommunane,**

Vi viser til orientering i kommunemøtet 25. mai og 22. juni, om oppdraget om å kartlegge kapasitet til å innkvartere eit sterkt aukande tal flyktningar. Vi har no fått det endelege oppdraget frå DSB, og legg ved dokumenta som følgde med. Vi har òg lagt ved vår skildring av det oppdraget som vi har fått frå Justis- og beredskapsdepartementet via DSB, og som vi treng hjelp frå dykk til å gjennomføre.

Statsforvaltaren er heilt avhengig av kunnskapen som kommunane har om stadar der det kan vere aktuelt å innkvartere flyktningar, både i fasen like etter at dei kjem til landet og i fasen dei skal busetjast i kommunane. Vi oppmodar difor om at de før onsdag 23. august gjer ei kartlegging av aktuelle bygg i dykkar kommune, og legg inn opplysningane i det vedlagte excel-skjemaet.

#### Arbeid seinare i haust:

Med grunnlag i oversyna frå statsforvaltarane, vil DSB saman med andre nasjonale styresmakter gjere ei vurdering av kva lokale og område som er mest eigna til føremålet. I starten av oktober vil statsforvaltarane og kommunane få i oppdrag å utarbeide ein plan for korleis dei aktuelle områda, lokala og bustadmassen kan takast bruk viss situasjonen gjer det nødvendig.

Det er ikkje forventa at det skal planleggast detaljert for korleis innkvarteringsstadane og bustadane skal driftast. I planlegginga skal det likevel skildrast kva prosessar som er nødvendige i så måte, og kva aktørar som må involverast i etablering og drift. Denne planlegginga skal vere gjennomført før utgangen av oktober.

#### Talepunktar knytt til oppdraget:

DSB har fått spørsmål om korleis det kan kommuniserast offentleg om oppdraget. DSB har difor i samråd med Justis- og beredskapsdepartementet utarbeida følgande talepunktar som kan nyttast offentleg og eventuelt i dialog med media:

- *JD, AID og KDD har gitt DSB i oppdrag å kartlegge midlertidige innkvarteringssteder og boligmasse som kan benyttes i et verstefallsscenario der det ankommer langt flere enn det som den ordinære asylkjeden har kapasitet til.*
- *DSB har sendt oppdrag til statsforvalterne om å gjennomføre kartlegginger i sine fylker i samråd med kommunene.*
- *Selv om et slikt verstefallsscenario har lav sannsynlighet akkurat nå, må vi være forberedt på utviklingstrekk internasjonalt kan endre ankomstbildet raskt.*
- *Kartleggingsarbeidet som nå gjøres vil også kunne være nyttig i andre beredskapssituasjoner/scenarier der det er behov for å midlertidig innkvartere et større antall mennesker.*
- *Oppdraget løses i samarbeid med blant annet UDI og IMDi.*

Dersom de mottok innsynskrav eller mediehenvendelser knytt til sjølve oppdragsteksten frå oss/DSB eller annan dialog om oppdraget er det fint om de orienterer oss.

Innsending av utfylt excel-skjema sendast til: [sfylberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfylberedskap@statsforvalteren.no) før 23.august 2023.

Helsing,

Beredskapsseksjonen v/ Statsforvaltaren i Vestland